

Ordføraren sitt hjørna – oktober 2008

Dette året har formannskapet og styret i Hemsedal Energi hatt mange møter for å finne løysingar på korleis me i framtida kan utnytte Andels – og Konesjonskrafta som kommunen har. Dette er ei årleg tildeling som kommunen har som vår andel av kraftutbygginga som har vore i dalen. Tilsaman er dette mellom 50 og 55 GWh årleg. Med ein kraftpris på 50 øre kwh er dette ein bruttoverdi for kommunen på 25 millionar kroner. Innkjøpsprisen (sjølvkostpris) er ca 5 millionar kroner.

Hemsedal Energi er kommunen sitt eige selskap, eit kommunalt foretak. Det er eit nettselskap (som overfører straum) som også sel kraft til abonnentane. Dette kan halde fram, men i så fall må det bli til markedspris. Dette er det eine alternativet me har jobba med.

Det andre alternativet er at me forvaltar krafta vår gjennom Ustekveikja as. Det vil bli på same måte som Flå og Hol har gjort det i 10 år, og det skjer ved at me avtalar ein pris for eit og eit år om gongen, men der Ustekveikja as sin kompetanse gjer at me oppnår god pris. Hemsedal Energi vil framleis vera nettselskapet i bygda. I dette tilfellet vil alle kundar i Hemsedal Energi få tilbod om å bli straumkundar hjå Ustekveikja as, og Ustekveikja as har forplikta seg til å ordne dette utan noko ekstraarbeid for abonnentane her i Hemsedal. Men, det er eit fritt kraftmarked så alle står fritt kvar ein vil kjøpe straumen sin. Slik har det vore sidan 1992, då me fekk det som blir kalla ”den nye energilova”. Nettselskapa har monopol i sine områder, men er prisstyrte frå staten (NVE).

I begge desse tilfella vil det bli tilført nødvendige kroner til drifts- og investeringsbudsjettet til kommunen. Pengar me treng for å kunne halde oppe det tenestnivået me har. Det vil samstundes gje eigenkapital til investeringar, og dermed redusere låneopptaka. Det er og diskutert å setja av ein del av desse inntektene til eit Enøk-fond, for å stimulere til energisparande tiltak for næringsliv og privatpersonar. Det er spådd ein sterk auke i energiprisane i åra som kjem, så slike tiltak vil bli svært lønsame.

Denne saka skal handsamast i kommunestyret no den 6. november. Dette er ei stor og viktig sak for oss alle. Eit samla kommunestyre har sagt at me vil behalde vårt eige nettselskap. Me trur det er rett å sjølve kunne styre den viktige infrastrukturen som dette er. Det er noe eit svært godt utbygd nett, med god tilgang på straum. Det siste er sikra gjennom utbyggingar av trafostasjon på Langeset og nye turbinar inne i Heimsil 1. Saka er no korleis me som kommune best kan forvalte kraftressursen vår. Gjer me det gjennom Hemsedal Energi eller gjennom Ustekvikja as? Kvar får me best utbytte, og korleis ivaretek me innbyggjarane på beste måten?

Det vil koma ut meir informasjon rett etter kommunestyremøtet.

Ein fortsatt god haust. Får tru det snart går over i vinter!

Helsing
Oddvar Grøthe
ordfører